

Vedlegg til sak 16/14: Plan for interkommunalt samarbeid innan helse- og omsorgstenesta i Region Nordhordland

Interkommunal plan for samarbeid innan helse- og omsorgstenesta i Nordhordland skal bidra til ei felles forståing for framtidige utfordringar og leggja til rette for interkommunalt samarbeid om oppgåveløysinga der dette er tenleg.

Bakgrunn:

Regionrådet vedtok å starta planarbeid våren 2011. Helseutvalet fekk i oppdrag å leia arbeidet. Arbeidet er forankra i kommunestyra i alle samarbeidskommunane.

Helseutvalet forkasta framlagt utkast til plan i møte 3.februar 2012, og vedtok at planen skulle arbeidast vidare med på rådgjevar/kommunalsjef nivå for ny gjennomgang og vurdering.

Arbeidsgruppe samansett av kommunalsjefar og rådgjevarar innan helse- og omsorg fekk i oppdrag å konkretisera og komprimera innhaldet i planen.

Om planen:

Med utgangspunkt i tidlegare arbeid vert det lagt fram nytt utkast til plan. Planen består av ein hovuddel med innsatsområde og ein vurderingsdel, som er å sjå som vedlegg til planen. Det skal utarbeidast ein handlingsplan som konkretiserer tiltak og gjennomføring av desse.

Planen skal vera eit dynamisk dokument som blir kontinuerleg evaluert, tilpassa nye sentrale føringar og endringar i regionale tilhøve. Planen skal til revisjon kvart 2.år. 1. revisjon er sett til medio 2016.

Hovuddel - prinsipp og innsatsområde

- Folkehelse
- Samarbeid om ressurs- og kompetansekreivjande oppgåver
- Rekruttering og kompetanse
- IKT og velferdsteknologi

Vurderingsdel:

Vurderingsdelen skal gje meir utfyllande opplysningar og vurderingar innan dei ulike innsatsområda.

For området folkehelse er det gjort eit særskild vurderingsarbeid. Rapport frå dette arbeidet er også å sjå som ein del av vurderinga som er lagt til grunn for tilrådingar i planen. Dette er å sjå som vedlegg til planen.

Handlingsplan:

Handlingsplanen har som mål å sikra oppfølging av tiltak som er skissert under kvart innsatspunkt i hovuddelen, og er å sjå som eit administrativt verktøy..

Forankring:

Hovuddel med innsatsområde er drøfta i Rådmannsutvalet og godkjent av Helseutvalet. Planen har vore til gjennomgang/høyring i kommunane. Innspel frå kommunane er implementert i planutkast som vert lagt fram for handsaming i Regionrådet. Etter dette vert planen lagt fram til politisk handsaming i kommunane.

Handlingsplanen er å sjå som eit administrativt verktøy og skal godkjennast i rådmannsutvalet med årleg revisjon.

Framlegg til vedtak:

Regionrådet sluttar seg til innhald og føringar i framlegg til Plan for interkommunalt samarbeid innan helse- og omsorgstenesta i Region Nordhordland, og at planen vert lagt fram for politisk handsaming i kommunane.